

Til Opplæringsavdelinga
Kopi / inntaksleiar Nils Skavhellen

Vår ref.: 141/611

Dykkar ref.

Voss 22.03.2017

Inntak Nye Voss gymnas 2017/2018

Viser til utlevert grunnlagsmateriell og samtale med inntaksleiar Nils Skavhellen fredag 17. mars.

Når det gjeld KDA og MDD ynskje skulen å vidareføre ordninga der ein til saman har 30 elevar i ein klasse beståande av frå utdanningsprogram for KDA og MDD i fellesfaga. For Vg3 MDD vil ein planlegge desse saman med toppidrett Vg3 sidan det for komande skuleår ikkje er ein klasse på Vg3 KDA.

Søknadstala til blommedekorator er låge, men på bakgrunn av at utdanningsprogrammet vert overført frå Hjeltnes vgs som vert lagt ned, meiner me at det er viktig å få oppretta klassen komande skuleår skal ein behalde lærarkompetansen som kan vere med å marknadsføre tilbodet vidare i håp om betre søknad skuleåret 2018-2019. Det er òg det einaste tilbodet i Hordaland. Skulen har sett på løysingar for korleis ein kan redusere undervisningskostnadar for blommedekoratorklassen med samanslåing med andre klassar i fellesfag og truleg noko i programfaga. Me ber og om at det vert sjekka om andre fylker ynskjer å kjøpe elevplassar slik det har vore praksis for tidlegare år på HJV. Her vil òg kunne vere trong for økonomisk stønad frå skuleeigar for å oppretthalde tilbodet.

For ST-klassane ynskjer me at ein tek inntil 60 elevar på Vg1, for Vg2 og Vg3 kan ein ta inn inntil 62 elevar på kvart trinn.

I høve Vg1 service og samferdsel var inntaksleiar klar på at elevtalet truleg ikkje vart så høgt som 15 elevar i klassen, men truleg omkring 10 elevar. På bakgrunn av dette har skulen sett på korleis ein kan slå saman denne klassen i fellesfag for å få redusere undervisningskostnad. Dette vil ein truleg få til, men det kan vere utfordrande sidan ein er lokalisert på to plassar (Voss gymnas og Vatle) fram til påske 2018.

(Merknad: Utdanningsforbundet ynskjer ein merknad på at ein ikkje ynskjer over 30 elevar i klassane.)

Håvard Styve
ass.rektor

	Klassar/plassar	Tatt inn eigne/tatt inn sum	Merknad
Vg1 ST	2 klassar / 60	60 /60	
Vg2 ST	2 klassar / 60	18+30	Vi kan ta inntil 62.
Vg2 utland	0,5 klasse / 15	7+7	Intervju avgjer Vi kan ta inn opp til 15
Vg3 ST	2 klassar / 60	51/60	Vi kan ta inntil 62.
MDD vg1	0,5 klasse / 15	15/15	Vi tek 15 i kombinasjon i fellesfag med 11 frå KDA (tilsaman 30 elevar)
Mus vg2	0,5 klasse / 15	7/7	I kombinasjon i fellesfag med 11 frå KDA (inntil 30 elevar)
Mus vg3	0,5 klasse / 15	9/15	Kombinasjon i fellesfag toppidrett Vg3
IF Vg1	1 klasse / 30	30/30	Vi kan ta 30
IF vg2	1 klasse / 30	30/30	Vi kan ta 30
IF Vg3	1 klasse / 30	30/30	Vi kan ta 30
Toppidrett vg1	1 klasse / 27	27/27	Inntak med Olympiatoppen kan ta 27. Jibbarar som har søkt idrett vil bli plassert på toppidrett av tekniske årsaker
Toppidrett vg2	1 klasse / 27	14/27	Vi kan ta 27
Toppidrett vg3	1 klasse / 27	16/27	Vi kan ta 27
KDA Vg1	0,5 klasse / 15	11/11	I kombinasjon med Musikk Vg1 i fellesfag (inntil 30 elevar)
KDA vg2	0,5 klasse / 15	7/15	I kombinasjon med Musikk Vg1 i fellesfag (inntil 30 elevar)
MK vg3	1 klasse / 16	5/16	Fullføringsrett
Førebuande kurs. minoritetsspråklege	1 klasse / 15	14/15	Har fått e-post frå inntaksleiar om at klassen truleg er full
Vg1 DH	1 klasse / 15	15/15	
Vg2 Frisør	1 klasse / 15	15/15	
Vg2 Blomedekorator	1 klasse / 15	7/15	Rest 8. undersøke om Sogn vil kjøpe plassar?
Vg1 SS	1 klasse / 15	15/15	
Vg2 IKT-Servicefag	1 klasse / 15	15/15	
Vg1 HO	2 klassar / 30	15/15	
Vg2 HEA	1 klasse / 15	15/15	
Vg2 BUA	1 klasse / 15	15/15	

